

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Att.: Sissel Belgen Jakobsen

Oslo 10. november 2011

Konsesjonssøknad Ulvegveina – Del 2

Ein syner til konsesjonssøknad 20. juni 2011, og til telefonsamtale 3. oktober 2011 med Ingvild Haugen med bekrefta utsetjing av innsending til 10. november 2011. Underteikna vil i det fylgjande grunngje kvifor konsesjonssøknaden etter vårt syn ikkje bør imøtekomast.

Sammandrag og nøkkeldata

Solund kommune har eit landareal på 228 kvkm. Det framgår av søknaden at vindkraftanlegget vil utgjere 16,2; 7,1 % av kommunen sitt areal. Dersom krafta frå Ulvegveina skal gå mot Lutelandet saman med krafta frå Ytre Sula, vil det kome ny kraftline frå Ulvegveina til Leknessund med 100 % større sperrebelte enn i dag.

Planområdet er omtala som følgjer i 3. avsnittet i samandraget: Det består av mykje naken fjellgrunn men hvor lokale områder som ligger i le for vestavinden har godt lokalklima, stedvis med frodig vegetasjon.”

Omtala i avsnittet ovanfor kan vere eigna til å gje inntrykk av at det ikkje bur folk i området, noko som er feil. Det fram går også av bakgrunn for utredningsprogram frå NVE datert 2. juli 2009 på side 9 at, Norges miljøvernforbund meiner vindkraftverket vil kunne generere eit støypproblem for den næraste befolkninga. Ein syner også til referat frå samrådsforum 27. april 2011 ført i pennen av SAE Vind 18. mai 2011, jfr. **vedlegg 1, side 4**. Her skriv jo SAE Vind sjølv at 2 hus på Kråkeneset vil bli berørt av støy i gul sone ved ”medvind frå alle retningar.”

Samandrag Tabell 1 – 1 Nøkkeldata

I fylgje søknaden vil 46 turbinar på 3,6 MW gje ein produksjon på 400 GWh, noko som inneber årleg produksjonstid på 3.000 timar.

Det er 8.760 timar i eit år utan skotår. Den førespegla produksjonen tilseier dermed ein effektivitet på 34,2 %. Dette er 10,4 % meir enn kapasitetsutnyttinga for vindkraft i Noreg i 2010, som i fylgje NVE sine eigen målingar var på 23,8 %; mindre enn 3 månader, jfr. **vedlegg 2**. Det er altså eit antatt positivt avvik på 43,7 % samanlikna med vindkraft i resten av Noreg.

Det fram går av **vedlegg 2 side 5** at alle vindkraftanleggja i Noreg hadde lågare kraftproduksjon enn kva dei sjølv antok dei ville produsere. Dette gjeld også Mehuken, ein annan stad i Sogn og Fjordane med god vind.

Som det går fram av **vedlegg 3 siste side**, har effektiviteten aldri vore oppe i 30 % i dei åra NVE har føreteke målingar. I 2010 gjekk effektiviteten til alt overmål ned sjølv om det vart installert meir kapasitet.

Dei angjevne produksjonstala for Ulvegveina fram står difor som absurde, og bør ikkje tilleggast for stor vekt.

Kriterium for lokalisering side 18 og 19

Her er det fleire moment som tildels avvik sterkt frå dei faktiske forhold.

Eit viktig kriterium for SAE Vind er nærleik til nett. Nærleik til nett med ledig kapasitet er forøvrig eit av NVE sine prioriteringskriterier for konsesjonshandsaming av vindkraftprosjekt, jfr. **vedlegg 4, side 3**.

SAE Vind skriv forøvrig på side 18 at ein via nett kan knyte seg til eksisterande linje nordover. Som det kjem fram av avsnittet nedanfor er dette direkte feil.

Den kraftlina som i dag forsyner innbyggjarane i Solund med straum har 15 – 20 meter sperrebelte. Dersom krafta frå Ulvegveina skal gå mot Lutelandet saman med krafta frå vindanleggjet i Ytre Sula vil den delen av den nye kraftlina som går frå Ulvegveina til Leknessund ha 42 meter sperrebelte; 100 % meir enn i dag.

Som det kjem fram av **vedlegg 1** er kapasitetsutnyttinga på vindkraft i Noreg mindre enn 3 månader pr. år. Det vil sei at den nye store kraftlina, som går frå Ulvegveina til Leknessund, store delar av året ikkje vil transportere meir straum enn den kraftlina som går der i dag.

Det er ikkje nokon tvil om at kraftlina er konfliktskapande. Ein syner til svara på høyring frå Nord Solund Vel til NVE, jfr. **vedlegg 5**.

NVE sine kriterier om nærleik til nett med ledig kapasitet er altså ikkje oppfylt.

Kraftlina er altså i seg sjølv grunn til å sei nei til vindkraft på Ulvegveina.

I avsnittet om grunngjeving, vert det hevda at lokaliteten har eit konfliktnivå som er akseptabelt. Slik det kjem fram nedanfor i avsnittet om landbruk er konfliktnivået stort.

Landskap side 40

Heile kommunen består av berggrunn frå Devontida som er ca. 400 millionar år gamal. Konglomeratet som i dag utgjer Solund kommune finn ein andre stader i Noreg berre i Storehesten, Lihesten, Hornelen og Gjegnen.

Fylgjande fram går av konsesjonssøknaden sist på side 40: "Anleggsfasen vurderes ikke som spesielt kritisk i forhold til landskapsbildet."

Dette er direkte feil. Bygging av vindkraftverket på Ulvegveina vil medføre mykje sprenging og terrenginngrep. Det er heller ikkje nokon som helst samanheng mellom verdien av den krafta som vert produsert og dei store naturødeleggingane.

Solund kommune er ein ikkje fornybar ressurs, og det vil verte umogeleg å setje landskapet i stand etter at anleggsperioden er over.

Omtala i avsnitt 7.1.1, jfr. side 19 i konsesjonssøknaden er difor mangelfull med omsyn til kor unikt og uerstatteleg landskapet i Solund er. Punkt 4 på side 18 kan difor ikkje sjåast på som oppfylt.

Annen lokal forurensning side 50

Det kjem fram mellom anna i punkt 7.1.8: "Avfallet som genereres i anleggsfasen er i all hovedsak vanlig avfall som er resirkulerbart og konsekvensene er derfor ventet å bli små. Konsekvensene ved lagring av avfallet i driftfasen vil også være små ved forsvarlig og forskriftsmessig lagring."

Levetida til ei vindmølle er ca. 20 år. Installasjon av 1 Megawatt vindmølleproduksjon resulterer i 10 tonn glasfiberavfall som pr. i dag ikkje kan gjenbrukast. På Ulvegveina vil det, før konsesjonstida er ute, verte 1,380 tonn glasfiberavfall som enten må deponerast eller skrotast.

Det fram går ikkje av søknaden korleis SAE Vind vil handtere dette miljøfiendtelege avfallet. Søknaden er difor mangelfull og utilfredsstillande på dette punkt.

Det inntrykket ein sit att med er at dette er bagatellar, medan det i realiteten er tale om eit stort miljøproblem.

NVE skriv i bakgrunn for utredningsprogram 2. juli 2009 på side 15: "Flere høringsparter uttrykker bekymring for at de planlagte vindkraftverkene vil føre til fare for forurensning av drikkevannskilden i Solund."

I konsesjonssøknaden er dette berre omtala i generelle vendingar på side 55: "Avbøtende tiltak som kan vurderes ved eventuell konflikt med drikkevannskilder er endret trasé, andre mastetyper, etablering av nye drikkevannskilder eller tilkobling til kommunalt nett."

Omtalen av annan lokal ureining er difor utilfredsstillande.

Verdiskaping side 50

Dette er naturleg nok av svært stor betydning for Solund kommune.

Det fram går av søknaden at ein vindpark i driftsfasen vil kunne gje 6 – 7 arbeidsplassar. Dette stemmer ikkje med **vedlegg 1 side 3**. Her framgår nesten sist på sida at utgangspunktet er at SAE Vind anset personale til drift og vedlikehald sjølve. Referatet er ført i pennen av SAE Vind 18. mai 2011, altså ca. 1 månad før konsesjonssøknaden som er datert 20. juni 2011. Det er difor kritikkverdig og lite tillitvekkande at det ikkje er samsvar mellom konsesjonssøknad og samrådsmøtereferat på eit så sentralt område.

Underteikna er av den oppfatning at den omtala som er gjeven i konsesjonssøknaden om lokal sysselsetting og verdiskaping ikkje er god nok.

SAE Vind konstaterer på side 50, at Solund kommune ikkje har eigedomsskatt i dag, og at dette vil gje ekstra avkastning for ein kommune. Også underteikna er av den oppfatning at eigedomsskatt er eit viktig moment ved vurdering av økonomiske konsekvensar av eventuell vindkraftutbygging.

Det fram går ikkje av konsesjonssøknaden kor mykje eigedomsskatt SAE Vind reknar med å betale. Det er difor ikkje mogeleg å vurdere kva økonomiske konsekvensar innføring av eigedomsskatt vil utgjere for Solund – samfunnet ved å lese konsesjonssøknaden.

SAE Vind har imidlertid utarbeida ein PPT – presentasjon i august 2009. Her kjem det fram at eigedomsskatt åleine kan representere opptil 8,9 millionar kroner pr. år, jfr. **vedlegg 6 side 9**.

For det fyrste er det ikkje akseptabelt at ein nyttar 30 % reduksjon i takseringsgrunnlaget ved berekning av eigedomsskatt, då dette er ein forelda og altfor høg reduksjonsfaktor. For det andre så er promillesatsen som er brukt i reknestykket feil.

Det fram går av Lov om Eigedomsskatt § 13; jfr. **vedlegg 7 side 3** at ein ved innføring av eigedomsskatt ikkje kan nytte høgare sats enn 2 promille. Vidare er regelverket slik at ein berre kan auke skatten med 2 promille kvart år, slik at vindkraftverket fyrst i det fjerde året vil betale maksimal eigedomsskatt.

Det er også av interesse å sjå kva andre kommunar med vindkraft får i eigedomsskatt. Hitra kommune får ca. kr. 3 millionar pr. år for 24 vindmøller. Rekna om vil 46 vindmøller utgjør ca. kr. 5,8 millionar i eigedomsskatt.

Smøla kommune har budsjettert med ca. kr. 8 millionar i eigedomsskatt totalt for verk og bruk i 2011. Rekna om frå 68 vindmøller på Smøla blir det ca. 5,4 millionar for 46 vindmøller.

Det framstår difor som uklart og ikkje godt nok dokumentert korleis Solund kommune skal få kr. 8,9 millionar i årlig eigedomsskatt frå vindkraftanlegget på Ulvegrena.

Det er spesielt kritikkverdig og graverande at dette talmaterialet er presentert på samrådsmøte der representantar for innbyggjarane i Solund deltek.

Me kan ikkje sjå at det er noko som helst samanheng mellom dei enorme naturøydeleggingane og den økonomiske utteljinga for Solund kommune, slik det er framlagd i konsesjonssøknaden.

Me er også av den oppfatning at det er i strid med elementære demokratiske prinsipp at eit par bedrifter i realiteten bestemmer kva for skattar dei folkevalde skal pålegge innbyggjarane sine.

I tillegg så er det slik at formålet med dei skattane som vert samla inn her i landet er å skape velferd til fellesskapet. Dersom eigedomsskatt vert innført i samband med vindkraft, er formålet motsett. Då er formålet at kraft utbyggarane og nokre grunneigarar i realiteten tileignar seg bruksretten til store delar av kommunen til ein altfor lav pris.

Det framgår forøvrig i avsnittet om verdiskaping: "Det blir også inngått avtaler om erstatning med grunneiere og rettighetshavere i området."

Ein kan her få inntrykk av at dette er pengar som kjem lokalsamfunnet til gode. Heller ikkje dette er korrekt.

Side 64 syner lista over berøra eigedomar. Av dei 34 grunneigarane er 2 berre berørde av kraftlina. Av dei resterande 32, har 13 adresse utanfor Solund. Desse 13 grunneigarane som ikkje har tilhald i Solund er forøvrig også indirekte med på å påverke kommunen til å innføre eigedomsskatt, noko som ikkje bør sjåast på som akseptabelt.

Det fram går også av avsnittet om verdiskaping at utbygging av eit vindkraft anlegg av denne storleik inneber ein relativt kort anleggsperiode på 1,5 – 2 år. Ein slik tidshorisont er ikkje kort, men tvert i mot lang tid. Dette er også i motsetnad til siste avsnitt på side 45, der anleggsfasen vert omtala som både omfattande og langvarig. Det er forøvrig ikkje medteke at innbyggjarane i Solund i løpet av denne perioden vil verte plaga med helikopterstøy i ca. 1 år på grunn av bygging av den nye kraftlina. Det er heller ikkje medteke noko om at det er trong for landingsplassar og lasteplassar for helikopter, jfr. side 31 om mellombels arealbehov.

Landbruk side 52

Innhaldet i avsnitta: Landbruksinteresser, Skogbruksinteresser og Konklusjon, er feil og så langt unna situasjonen i dag som det er mogeleg å kome.

Fylgjande 3 påstandar er spesielt urovekkande og i sterk konflikt med dagens situasjon:

"Det foregår nå beite kun i et begrenset omfang, men potesialet er der."

"Vindparken på Ulvegveina ligger slik at den ikke berører produktiv mark og vil isolert sett ikke berøre skog eller landbruksinteresser."

"En vurdering av vindmølleparken og foreslåtte veitrasevalg til opp imot skogsdrift og landbruk tilsir at dette ikke vil gi noen ulemper for fremtidig drift."

Kråkåsen er den egedomen som har nest størst areal innanfor planområdet til vindkraftanlegget, og er den garden med størst areal dyrka mark som er i drift i Solund i dag.

Kråkåsen driv med både storfe og småfe. Dei har ca. 20 storfe, ca. 150 sauer og ca. 230 – 250 lam. Fleire hjorteløyve kjem i tillegg. Dette er ein betydeleg besetning i Solund.

Kråkåsen har ikkje underskrevet grunneigaravtalen med SAE Vind.

SAE Vind kjem med fylgjande uttale til slutt i avsnittet om landbruksinteresser: "Anleggsperioden er eventuelt den tiden hvor restriksjoner på bruk kan være aktuelt." Det er ikkje nærare forklart kva typar restriksjonar det er tale om og heller ikkje kva konsekvensar restriksjonane vil få for dei det gjeld.

Siste setning i konklusjonen på side 52 er som følgjer: "Veiutbygging kan gi grunneiere lettere tilgang til utmarken sin." Dette er i motsats til samrådsmøtetreferatet av 18. mai 2011, jfr. **vedlegg 1, side 3**. Det kjem fram her at det er ein offentlig veg tvers gjennom planområdet, og at almen ferdsel langs denne vegen kan bli utsett for iskast.

Nede på side 18 i konsesjonssøknaden konkluderer ein med at konsekvensane for miljø, naturressursar og samfunn er små. Det korrekte vil vere å sei at dei er svært store.

På side 64 i konsesjonssøknaden er ei oppstilling av eigedomar som vil verte rørt av utbygginga. Oppstillinga manglar ei vesentleg opplysning, nemleg kven som har signert, eventuelt ikkje signert avtale med SAE Vind. Dette bidreg til å dempe kor konfliktfylt ei eventuell vindkraftutbygging vil vere.

Det er også verd å merke seg at eigedomsgrensene i området for ein del ikkje er avklara.

Konklusjonen er altså at det er konstatert stekt konflikt med landbruk, og det er god grunn til å karakterisere søknaden si omtale av landbruk som sterkt misvisande.

Samfunnsverknader elles

Dei aller fleste her i landet har familieformuen plassert i bustadhuset. Allereie no er det kome innspel som tyder på at vindkraft har innverknad på eigedomsprisane i Solund, jfr. **vedlegg 8** ved rørande eigedom i Leknessund, jfr. **sidene 2 og 3**.

Som det framgår av avsnittet ovanfor så er den økonomiske konsekvensen som no er konstatert for Solund – samfunnet som følgje av vindmøller ute lukkande negativ.

Ein del av innbyggjarane i Solund vil altså oppleve at dei i framtida må betale eigedomsskatt av eigedomar som har gått ned i verdi på grunn av vindmøller med tilhøyrande kraftline.

Innføring av eigedomsskatt vil altså ha ein direkte umiddelbar og negativ konsekvens både for næringslivet og innbyggerane i Solund.

Omtalen av eigedomsskatt som noko udeelt positivt for Solundsamfunnet, slik det kjem fram av side 50 i søknaden, er difor ikkje korrekt.

Som om ikkje det var nok. I samrådsmøtereferatet datert 18. mai 2011, jfr. **vedlegg 1 side 3**, kjem det fram at ein ikkje kan sjå bort frå at nettleiga vil auke.

Me syner også til **vedlegg 9** der det fram går at innbyggerane på Eide har klaga på vegtraseen gjennom bygda.

Det vert jakta på hjort i heile kommunen, og det vert gjeve ca. 250 hjorteløyve kvart år. Det er på det reine at hjorten vil forsvinde i den 2 – år lange anleggsperioden. På grunn av den store avstanden til fastlandet er det grunn til å vere svært uroa for korleis trekkрутene til hjorten vert påverka.

Havari

Havari må sjåast på som ei alvorleg hending. Det er difor ikkje tilfredsstillande at dette berre er så vidt omtalt i ein liten tabell nederst på side 50.

I vindkraftanlegget på Havøygavlen i Måsøy kommune har det vore 2 havari. Så seint som i 2008 var det ei venge som brotna. Det var sterk vind og dei lette glasfiberbitane flaug hundrevis av meter gjennom lufta i eit heilt døgn før dei landa. Vindkraftanlegget ligg 3 – 4 kilometer frå næraste busetnad. Teknisk etat kontakta politet som sperra av området, og kommunen la ut fylgjande på si heimeside: "Publikum oppfordres til å holde seg unna området rundt Havøygavlen. Det er fortsatt løse deler på turbinen som kan løsne i denne sterke vinden som vi har for øyeblikket. Det er også løse deler på bakken som kan medføre en risiko."

Med tanke på størrelsen på vindkraftanlegget på Ulvegreina og avstand til innbyggerane, kan ein lure på kvar innbyggerane i området rundt Ulvegreina skal opphalde seg.

Regionalplan for vindkraft for Sogn og Fjordane

Regionalplanen vart vedteken av Fylkestinget 8. juni 2011. Dei areala som ligg innanfor Ulvegreina vindkraftanlegg hadde då middels konfliktpotensiale. Fylkesmannen sende 19. august 2011 brev til Miljøverndepartementet med "Oppmoding om endring av Regionalplan for vindkraft for Sogn og Fjordane."

Vetefjellet og Ulvegeina, som begge ligg innanfor Ulvegreina vindkraftområde, er 2 av delområda for Solund som er påklaga. Fylkesmannen si grunngjeving er at det er førekomstar som etter nasjonale retningslinjer tilseier at det er stort konfliktpotensiale, jfr. **vedlegg 10 side 5**. Dette illustrerer kor konfliktfyllt ei eventuell vindkraftutbygging vil vere.

Avslutning

I juni 2007 vart det, i regi av Miljøverndepartementet og Olje- og energidepartementet, utarbeidd retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg.

<http://www.regjeringen.no/Upload/MD/Vedlegg/Retningslinjer/T-1458.pdf>

En syner til fylgjande formulering på side 8: "Vindkraftanlegg er arealkrevende og kommer ofte i konflikt med andre viktige hensyn. Målsetningen om lavest mulig miljø- og samfunnskostnader per kWh tilsier at vindkraftutbyggingen generelt bør konsentreres om større anlegg hvor det er gode vindforhold, hensiktsmessig infrastruktur og hvor konflikten med andre viktige hensyn er akseptabel."

På side 15 er det i punkt 3.5 peika på at det er svært stort konfliktpotensiale:

- i store sammenhengende INON-områder, der en del også utgjør villmarkspregede områder
- i INON-områder som går ubrutt fra fjord til fjell
- i INON-områder i regioner som har svært lite igjen av slike

Me vil med dette hevde at berre punkt 3.5 i retningslinene frå Miljøverndepartementet og Olje- og energidepartementet, bør vere nok til at dette anlegget ikkje får konsesjon.

Her er INON (1 – 3 km) område på 10,7 kvkm, frå Sognefjorden til den høgaste fjelltoppen i Solund Krakhellenipa 569 m.o.h.

Som det går fram av utgreiinga ovanfor vil vindkraft på Ulvegveina vere i strid med retningslinjer frå både departement og NVE, i tillegg til dei konflikter det skapar i lokalsamfunnet.

Det bør difor ikkje gjevast konsesjon til vindkraft på Ulvegveina.




Inger Leirvåg
Ullevålsveien 102 BB
0451 Oslo



Marte Heimdal Leirvåg
6924 Hardbakke



Øyvind Bratland
6924 Hardbakke



Ingunn Sanden
6924 Hardbakke